

Oversikt over råd og utval med studentrepresentantar ved HVO

Råd/utval	Mandat	Samansetjing	Møter
Strategisk studienemnd -Utvikling av studieprogram og kvalitetssikring STiV skal velje 1 student og 2 vara Fagansvarleg i STiV er fast repr.	Strategisk studienemnd arbeider med utviklinga av dei ulike studieprogramma og med kvalitetsarbeid ved Høgskulen. Nemnda har i oppgåve å diskutere overordna utdannings- og studiestrategi; kva skal HVO tilby av utdanningar på lang og kort sikt, vere rådgjevande organ for Høgskulestyret. Godkjenne etablering av studium til og med 30 studiepoeng, studie- og emneplanar for studium som er vedteke etablert. Nemnda lagar årsrapport for studiekvalitet og vurderer kandidatar til utdanningsprisen og innstille til styret.	Prorektor (leiar), dei fire dekanane, to studentrepresentantar (den eine fagansvarleg i STiV). Studiedirektør Gonnies Smit er sekretær. Rektor og høgskuledirektør har talerett.	Ca 7 møter per studieår
Internasjonalt utval - Internasjonalisering og utveksling STiV skal velje 1 student og 2 vara, i tillegg til Internasj. ansv. i STiV som er fast repr.	Internasjonalt utval er eit strategisk, rådgjevande og samordna organ som tek opp saker som angår internasjonalt arbeid ved HVO. Utvalet har i oppgåve å rullere handlingsplanar for internasjonalt arbeid, fordele mobilitetsmidlar og å gjennomgå partnerporteføljen til HVO.	Rektor (leiar), studiedirektør, ein repr. frå kvar av dei fire avdelingane ved HVO, ein frå SiVolda, to studentar (den eine internasjonalt ansvarleg i STiV). Internasjonal koordinator Arne Humberstet er sekretær.	Ca 7 møter per studieår
Læringsmiljøutvalet (LMU) - Studentane sitt læringsmiljø STiV skal velje 3 studentar og 4 vara, i tillegg til viferdsansvarleg i STiV, som er fast repr.	Læringsmiljøutvalet arbeider for å kvalitetssikre at læringsmiljøet til studentane er tilfredsstillande. Mandatet for utvalet er lovpålagt, og utvalet rapporterer direkte til Høgskulestyret. LMU skal etter Universitets- og høgskulelova §4-3, 3. ledd haldast orientert om klager frå studentar som gjeld læringsmiljøet, og kan uttale seg om slike forhold til styret. Utvalet vel kvart år leiar vekselvis blant HVO og studentane sine representantar.	Fire representantar frå HVO (rektor, ein representant frå driftspersonalet, ein representant frå studieadministrasjonen og ein fagleg representant), og fire studentrepresentantar (den eine er velferdsansvarleg i STiV). Studievegleiar Ingunn Blindheim er sekretær.	Ca 5 møter per studieår
Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO) - Tilsetjing av fagleg tilsette ved HVO STiV skal velje 2 studentar og 2 vara	Tilsetjingsutvalet er ansvarleg for tilsettingar i faglege stillingar ved HVO, både faste og mellombelse stillingar, samt permisjonssaker. Representantane i utvalet får innsyn i kven som søker, og er med på å avgjere kven som skal få tilbod om stilling. Arbeidet i utvalet vert handtert etter Universitets- og høgskulelova 2005-04-01 (kapittel 6), Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillingar 2006-02-09 (kapittel 1) og HVO styrevedtak i sak 70/2003 Samansetjing av tilsetjingsutvalet.	Rektor, høgskuledirektør, aktuell dekan, ein styreoppnemnd representant frå fagpersonalet, ein tillitsvald frå fagpersonalet, to studentrepresentantar. Personaldirektør Nina Cathrin Garshol er sekretær.	Etter behov, ca 8-10 møter per studieår.
Klagenemnda - Handsaming av klager og fusk STiV skal velje 2 studentar og 2 vara	Klagenemnda handterer saker etter Universitets- og høgskulelova §4.7, §4.8 §4.10 §5.10 – om annullering og utvisning grunna fusk eller forsøk på fusk, klager på formelle feil ved eksamen og klage på enkeltvedtak, slik som klage på avslag på opptak, avslag på innpassing m.m.	ekstern jurist med domarfullmektigkompetanse (leiar), to fagtilsette, to studentrepresentantar. Studiedirektør Gonnies Smit er sekretær.	Etter behov, ca 4 gongar i studieåret
Valstyret - Val av høgskulestyre og rektor STiV skal velje 1 student og 2 vara, i tillegg til Infoansvarleg i STiV, som er fast repr.	Valstyret har ansvar for det administrative knytt til nominasjonsprosess og gjennomføring av val av høgskulestyret og val av rektor. Studentrepresentantar til høgskulestyret vert valde kvart år mot slutten av vårsemesteret, medan rektorval og val av øvrige medlemmer i høgskulestyret skjer kvart fjerde år.	Fem representantar frå dei tilsette ved HVO, to studentar, der den eine er informasjonsansvarleg i STiV. Sekretær er tilsett Mona Cesilie Andersen.	Ca 2-3 møter per studieår, nokre fleire når det er rektorval.

<p>Skikkanemnda - Vurdering av studentars skikkaheit til yrket</p> <p>STiV skal velje 2 studentar og 2 vara</p>	<p>Skikkanemnda er ei lovpålagt nemnd. Forskrifta om skikkavurdering i høgare utdanning, heimla i Universitets- og høgskulelova sin § 4-10, omfattar totalt 25 ulike pedagogiske og helse- og sosialfaglege utdanningar. På desse studia skal det gjerast ei heilskapsvurdering av alle studentane gjennom studietida, der studenten sine faglege og personlege føresetnader for yrket vert vurdert. Ein student som kan utgjere ein muleg fare for sine barnehagebarn/elevar/pasientar/klientar/brukarar sitt liv, psykiske og fysiske helse eller tryggleik, er ikkje skikka for yrket. Ved skriftleg grunngjeven tvil om ein student er skikka, skal nemnda gjere ei særskilt skikkavurdering etter forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming.</p>	<p>Ein fagleg leiar, ein studieleiar, to representantar frå praksisfeltet, to faglærarar, to studentrepresentantar og ein ekstern jurist. Nemnda har ingen utnemnd sekretær, men studiedirektør Gonnie Smit er fast kontaktperson.</p>	<p>Etter behov.</p>
<p>Forskningsutvalet - Forsking og utvikling</p> <p>STiV skal velje 1 student og 2 vara, i tillegg til fagansvarleg i STiV, som er fast repr.</p>	<p>Forskningsutvalet er eit strategisk, samordnande og rådgjevande organ i forskings- og utviklingssaker (FoU) ved Høgskulen i Volda. Forskningsutvalet skal arbeide for at forskingsmiljøet i Volda leverer FoU-arbeid av høg kvalitet. Utvalet har ansvar for rettleiing og kvalitetssikring av forskings- og utviklingsarbeidet, og lagar årleg ein rapport om FoU-verksemnda som vert lagt fram for høgskulestyret.</p>	<p>Rektor (leiar), dei fire dekanane, fire forskarar (ein frå kvar avdeling), to studentrepresentantar (den eine er fagansvarleg i STiV). Fleire har observatørstatus. FoU-rådgjevar Ola Teige er sekretær.</p>	<p>Ca seks møter per studieår</p>
<p>Styret i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) - Studentvelferd</p> <p>NB: ikkje val no. STiV vel 3 studentar og 3 vara i april kvart år</p>	<p>Studentsamskipnaden i Volda er til for at studentane skal ha ein god og trygg studiekvardag. Samskipnaden tilbyr ei rekkje velferdstenester til studentar, slik som bustad, kantinedrift, studentbarnehage, Studenthuset Rokken, rådgjevings- og psykologteneste ++.</p>	<p>Studentane har fleirtal i styret i SiVolda, som består av 1 representant frå HVO, 1 representant for dei tilsette i SiVolda og 3 studentrepresentantar.</p>	<p>ca 6 møter per studieår</p>
<p>Høgskulestyret - Det øvste organet ved Høgskulen</p> <p>NB: ikkje val no. Valstyret gjennomfører val av 2 studentar i april-mai kvart år.</p>	<p>Høgskulestyret er det øvste organet ved Høgskulen i Volda, og har det overordna ansvaret for institusjonen, både fagleg og administrativt. Høgskulestyret delegerer avgjerslemynde til andre i institusjonen gjennom sitt delegasjonsreglement, men styret står alltid øvst ansvarleg. Styret peikar ut strategi og planar for høgskulen, fastsetje mål og resultatkrav, og fastsetje høgskulen si interne organisering.</p>	<p>rektor (styreleiar), 4 tilsette på høgskulen (to fagleg tilsette og to teknisk/administrativt tilsette), 4 eksterne medlemmer og 2 studentmedlemmer.</p>	<p>ca 8-10 møter per studieår.</p>